

# Årsmelding FAU Tu skule 2022/23 og 2023/24

FAU-medlemmar 2022/23:

Rektor	Vibeke Sola	
SFO	Marta Skaar	Referent
1. trinn	Marie Gustavsen Salte	Kommunalt FAU
2. trinn	Anna Gausland Tjelta	
3. trinn	Kent Salte	Nestleiar
4. trinn	Marie Tjosevik	Kasserar
5. trinn	Olav Risa	
6. trinn	Jan Helge Braut	Leiar
7. trinn	Anne Hølland	Partnerskapet

FAU-medlemmar 2023/24:

Rektor	Vibeke Sola	
SFO	Marta Skaar	Referent
1. trinn	Martine Gudmestad	
2. trinn	Marie Gustavsen Salte	Kommunalt FAU
3. trinn	Christiane Feed	Kasserar
4. trinn	Kent Salte	
5. trinn	Rune Hatteland	Nestleiar
6. trinn	Olav Risa	Leiar
7. trinn	Trond Oscar Haagensen	Partnerskapet

## FAU si rolle

FAU er heimla i opplæringslova §10-5. Alle foreldre som har born i skulen er medlemmar av skulen sitt foreldreråd. Foreldrerådet vel eit arbeidsutval (FAU) som er foreldrestemmen ovanfor skulen. FAU skal blant anna sikra reell medverking frå foreldre og ha medansvar for at elevane sitt læringsmiljø er trygt og godt. FAU kan kome med råd og innspel, men også ta opp saker på eige initiativ.

På Tu skule har Foreldrerådet delegert fullmakta til å velja representantar til FAU til foreldremøta for dei ulike trinna på skulen. Kwart trinn skal velja ein representant til FAU innan utgangen av september. I tillegg skal det veljast ein representant frå SFO. FAU har fått delegert ansvaret for å finna kandidat til dette vervet.

FAU medlemmane vart valde for to år av gongen, der halvparten vert valde kvart år, for å sikra kontinuitet. FAU konstituerer seg sjølv på det fyrste FAU møtet etter at nye medlemmar er valde.

## Møter og organisering

FAU på Tu skule har fast møte fyrste måndag i månaden. Det vert skreve referat fra alle møter og desse vert lagt ut på skulen si heimeside. Dersom FAU representant ikkje kan stilla så er klassekontakt varamedlem i FAU. FAU deltek også i Samarbeidsutvalet (SU), Partnerskap mot mobbing og har også ansvar for å etablere styret for 17.mai komiteen. Skolen har oppretta ein Teams/Sharepoint kor alle i FAU er medlemmar og der alle dokument vert lagra. På siste møte før sommarferien arrangerer FAU ein middag for FAU og dei nyvalde medlemmane som skal inn frå neste skuleår.

## Tema for FAU 2022/23 og 2023/24

- Møte mellom foreldrekontaktar, rektor og FAU-leiar vart arrangert i starten av skuleåra.
- Utarbeiding av retningslinjer for sosiale media hausten 2023.
- Stand på foreldremøte i forbindelse med oppstart hausten 2023.
- Vurdering av å arrangere utekino vinteren 2023/24. FAU konkluderte med å ikkje arrangera dette basert på kostnader og ver-risiko.
- Vurdering om ein skal ta opp tradisjon med gjennomføring av sykkeldag. I 2023/24 konkluderte FAU med at ein ikkje ønska å gjennomføra dette, enn så lenge skulen har plass på Sykkelgården på Sandnes for sykkelopplæring av 5. trinn. Frå skuleåret 2024/25 får ikkje Tu plass her, så dette temaet har blitt aktualisert igjen. FAU vurderer dette, kanskje som ein del av Kåsen-dagen 2025.
- Utdeling av kakao til elevane ein dag før jul vinteren 2023.
- Foreldreforedrag i fm årsmøte i FAU, i 2024 ved Liv Berit Heimstad Tønnesen, og i 2025 ved Aleksander Naley. I forkant av foredrag og årsmøte vert det arrangert informasjonsmøte for 6. og 7. trinn for å planleggje 17. mai feiring.
- Arbeid med trafikktryggleik:
  - o Forespørslar vinteren 2023/24 mot lokale bedrifter om å få sponsa refleksvestar til alle elevar. Responsen her var negativ
  - o Reflekskonkurranse vinteren 2025 samane med elevar og skule med pizza som premie til beste klasse
  - o Utprøving av ordning med trafikkvakter vinter/vår 2025
  - o Utvikling av retningslinjer for trafikktryggleik vinteren 2024/25
  - o Dialog med Klepp kommune og Rogaland fylkeskommune i etterkant av ulukke hauste 2024 i gangfelt ved Jærbakaren
- Deltakar i Partnerskap mot mobbing sitt arbeid i Tu-krinsen.
- Samarbeid med elevrådet der elevrådet har fått arrangere kafè i forbindelse med årsmøte/foreldreforedrag og foreldremøte ved starten av skuleåret.
- Sparringspartner og dialog med rektor i aktuelle saker frå skulen eller foreldregruppa.
- 

## Samarbeid med skulen

FAU opplever ein open og god dialog med skulen. Rektor deltar på alle FAU møter og FAU får kome med råd og innspel i ulike saker knytta til læringsmiljøet. Som medlem av FAU får ein ei unik moglegheit til å bli kjent med skulen, lærarane og andre foreldre, samtidig som ein får moglegheit til å bidra aktivt til eit betre skulemiljø.

## Val av nye medlemmar for skuleåret 2025/26

Dei ulike foreldregruppene har allereie vald FAU-representantar for 2025/26 i forbindelse med foreldremøte som vart haldt i september 2024 og foreldremøte for nytt 1. trinn i starten av 2025. Følgjande representantar er valde:

1. trinn: Andreas Skaar

3. trinn: Camilla Ims

5. trinn - Edita Bugi

7. trinn - Kent Salte

SFO - Mari Søyland